


MELAND KOMMUNE

## PERMISJONSREGLEMENT

Vedteke i Administrasjonsutvalet sak 024/13 – 16.10.2013  
Reglementet er gjeldande frå 16.10.2013



## PERMISJONSREGLEMENT FOR MELAND KOMMUNE

### 1.1 Føremål

Permisjonsreglement for Meland kommune skal leggja tilhøva til rette for personleg vekst og utvikling for arbeidstakarane. Reglane om velferdspermisjon skal fremja trivsel, stabilitet og eit godt arbeidsmiljø.

### 1.2 Omfang

Reglementet gjeld for alle arbeidstakarar som har eit fast arbeidstilhøve til Meland kommune. Deltidstilsette får løna permisjon i høve til storleiken på stillinga. Betre permisjonsrettar i lover og sentralt inngåtte avtalar som bind kommunen, går føre reglane i dette reglementet

### 1.3 Avgjerdsinstans

Rådmannen har vidaredelegert mynde til å avgjere alle typar permisjonssøknader til leiar av tenesteområde/stabsleiar. Grunnlaget for å innvilge eller avslå ein permisjonssøknad er arbeidsmiljølova, avtaleverket og permisjonsreglement for Meland kommune. Det er utarbeidd eigen administrativ saksbehandlingsrutine, jf skriv dat. 11.01.13.

### 1.4 Omsyn til drift, budsjett og personell.

Ved handsaming av permisjonssøknader som ikkje er lov- eller avtalefesta, skal det takast omsyn til budsjetttrammer, personellsituasjon og drift. Det skal vurderast om innvilga permisjon vil vera ein føremon eller ei ulempe for driftsmålsetjinga.

### 1.5 Lønsansiennitet

Permisjon med heil eller delvis løn avbryt ikkje opptening av lønsansiennitet. Det same gjeld sjuke-/og omsorgspermisjon inntil 1 år og tvungen verneplikt.

Uløna permisjon for å utføra offentlege ombod og ombod i arbeidstakar- organisasjonar, vert medrekna i lønsansienniteten.

Uløna utdanningspermisjon vert medrekna i inntil 2 år, når utdanninga har verdi for den tilsette sitt arbeid i kommunen.

Fråvær utan løn i samband med fødsel og adopsjon medrekna med inntil 2 år i lønsansienniteten.

### 1.6 Feriepengar

Løna permisjon vert rekna med i feriepengegrunnlag etter gjeldande regelverk.

## **1.7 Pensjonsmedlemskap**

Når arbeidstakar får innvilga permisjon med løn, står medlemskap i pensjonsordninga ved lag.

Når arbeidstakar har fått permisjon utan løn, skal vedkommande stå innmeldt i pensjonsordninga dersom det er sannsynleg at personen skal tilbake til arbeidet etter avslutta permisjonsperiode. Arbeidsgjevar skal ikkje betale innskot til pensjonsordninga ved uløna permisjon

Under permisjon for overtaking av verv som tillitsvald, skal den tilsette ikkje meldast ut av pensjonsordninga.

## **1.8 Permisjon ved sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon, amming og omsorg for barn under 12 år.**

Det vert vist til Fellesbestemmelsene i hovudtariffavtalen og til arbeidsmiljølova.

## **1.9 Militærtjeneste**

Ved tvungen militærtjeneste vert det ytt heil eller delvis løn, jf. hovudtariffavtalen.

## **1.10 Kurs på fritida**

Ved kurs som arbeidstakar er pålagt å gjennomføra i fritid, vert det som hovudregel gitt erstatning i form av avspasering.

## **2.0 UTDANNINGSPERMISJONAR**

Utdanningspermisjonar er permisjonar i samband med studium (universitet/høgskule), skulegang, kurs, seminar og liknande.

Utdanningspermisjon kan gjevast når tenesteområdet har trong for vedlikehald og tilførsel av kompetanse. Det vert også vist til arbeidsmiljølova § 12-11.

Tilsette som går i turnus har rett til ny fridag som kompensasjon, dersom dei har fått innvilga permisjon med løn for å delta på opplæringstiltak på sin lovbestemte vekefridag.

### **2.1 Uløna utdanningspermisjon**

Arbeidstakar som har vore i arbeidslivet i minst tre år og som har vore tilsett i Meland kommune dei to siste åra, rett til heil eller delvis permisjon i inntil 3 år for å delta i organiserte utdanningstilbod. For vilkåra kring denne permisjonsretten, sjå arbeidsmiljølova § 12-11.

### **2.2 Løna utdanningspermisjon**

Heil eller delvis løn kan innvilgast når utdanninga skjer som følgje av dei behov kommunen har for etterutdanning innan arbeidsområdet.

Det kan søkjast om heil eller delvis dekning av kursavgift når utdanninga har verdi for kommunen.

## **2.3 Bindingstid**

Bindingstid skal påleggjast i dei tilfella kommunen yter økonomisk støtte som svarar til minst 3 månadsløner. Bindingstida i aktiv teneste skal utgjera minst det dobbelte av studietida, men vert sett til maksimum 2 år. Dersom arbeidstakaren sluttar før bindingstida er over, skal arbeidstakaren betala den økonomiske støtta tilbake høvesvis.

Avtale om økonomisk støtte og bindingstid skal setjast opp skriftleg før permisjonen tar til.

## **2.4 Eksamen**

Det vert gitt permisjon med løn for eksamensdagane samt to lesedagar før kvar eksamen. Ved eksamen som varer 3 samanhengande dagar eller meir, skal det drøftast ytterlegare tilrettelegging.

Det er ein føresetnad at arbeidstakaren ville hatt ordinært arbeid dei to dagane rett før eksamen, og at faget er relevant for kommunen.

Sjå også HTA, Fellesbestemmelsene § 14.4.

## **2.5 Intern opplæring/arbeidsmiljøutvalet (AMU)**

Opplæringstiltak i kommunal regi er teneste og difor løna. Det same gjeld opplæring for verneombod og medlemmer i AMU.

## **3.0 VELFERDSPERMISJONAR**

Når det ligg føre viktige velferdsgrunnar, kan det gjevast permisjon med løn i inntil 12 arbeidsdagar eller inntil 24 arbeidsdagar med halv løn innan kalenderåret.

### **3.1 Undersøking/behandling**

Undersøking og behandling hos lege, tannlege, fysioterapeut osv. skal så langt som mogleg leggjast til fritida, dersom årsaka til undersøkinga/behandlinga ikkje ligg i tilhøve på arbeidsplassen.

### **3.2. Pleie av sjuke familiemedlemmer**

Pleie av sjuke familiemedlemmer kan gi grunnlag for velferdspermisjon.

### **3.3 Ved alvorleg sjukdom**

Ved alvorleg sjukdom i næraste familie (ektefelle, sambuar, foreldre, besteforeldre, born, sysken eller andre som står arbeidstakaren nær): Inntil 5 dagar.

Rett til fri når barn eller barnepassar er sjuk er regulert i arbeidsmiljølova § 12-9 og i tillegg i hovudtariffavtalen pkt. 8.6. Sjå også arbeidsmiljølova § 12 - 9 for rettar ved langvarig, livstrugande sjukdom hos barn og § 12 – 10 ved pleie av pårørande i livets slutfase.

### **3.4 Dødsfall**

Ved dødsfall i næraste familie (ektefelle, sambuar, foreldre, besteforeldre, barn, sysken eller andre som står arbeidstakaren nær): Inntil 3 dagar, event. med tillegg av nødvendige reisedagar.

### **3.5 Barnehage/grunnskule**

Når begge foreldra er i arbeid får ein slik permisjon:

Tilvenjing av barn i barnehage: Inntil 3 dagar.

Oppstart i grunnskule: 1 dag

Oppstart i skulefritidsordning: 1 dag når slik dag fell på ein annan dag enn skulestart.

### **3.6 Bryllaup/konfirmasjon**

Når sjølve bryllaupsdagen fell på ein arbeidsdag, vert det gjeve fri med løn denne dagen.

Tilsette som går i turnus får fri konfirmasjonsdagen for eige barn.

### **3.7 Høgtidsdagar**

For feiring av nasjonale eller religiøse høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender:

1 dag.

### **3.8 Deltaking i nasjonale/internasjonale meisterskap innan kultur og idrett**

Internasjonale meisterskap, landskampar o.l: Inntil 5 dagar. Finale i Noregsmeisterskap: Inntil 2 dagar. Ordninga gjeld også for leiarar.

### **3.9 Særlege velferdsgrunnar**

Til særlege velferdsføremaal kan det etter ei konkret vurdering gjevast permisjon med løn i inntil 2 dagar, eventuelt i tillegg til reglane i pkt. 3.1 – 3.7

## **4.0 PERMISJON FOR Å UTFØRA TILLITSVERV/OMBOD**

Med offentlege tillitsverv er meint ombod som er oppretta ved lov eller heimel i lov, og som ein ikkje kan nekta å ta imot, med mindre det ligg føre særlege fritaksgrunnar. Slike ombod kan vera kommunestyremedlem, domsmann, lagrettemedlem m.v.

For å utføra offentlege tillitsverv kan det gjevast permisjon med løn i inntil 10 arbeidsdagar per år.

Arbeidstakar som vert vald til stortingsrepresentant, ordførar eller anna offentleg tillitsverv på heiltid får permisjon utan løn for valperioden.

For offentlege tillitsverv på deltid vert det gitt permisjon med høvesvis redusert løn.

### **4.1 Nominasjon**

Arbeidstakar som vert vald til utsending til nominasjonsmøte ved stortingsval, fylkestingsval eller kommunestyreval, vert gitt permisjon med løn.

## **4.2 Tillitsverv i arbeidstakarorganisasjonane**

Permisjonsrettane for tillitsvalde er regulert i hovudavtalen del B, § 3. Det er viktig å merke seg at det går eit skilje mellom dei rettane tillitsvalde etter hovudavtalen har og dei rettane som gjeld når arbeidstakarar påtar seg organisatoriske verv i arbeidstakarorganisasjonane.

## **4.3 Andre tillitsverv**

Arbeidstakar med tillitsverv i dei funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan gjevast permisjon med heimel i dette punktet. Dette kan også omfatta kurs når kurset har relevans for vedkommande sitt arbeid med å fremja dei funksjonshemma sine interesser.

## **5.0 YMSE PERMISJONSREGLAR**

### **5.1 Barn i førskulealder/grunnskulen**

Når arbeidstakar har barn i førskulealder eller i grunnskulen (under 12 år), kan det gjevast permisjon utan løn i inntil 1 år.

### **5.2 Velferdsgrunnar**

Ved alvorlege helsemessige, sosiale eller andre vektige grunnar kan det etter ei konkret vurdering gjevast permisjon utan løn i inntil 1 år.

Det vert også vist til Retningslinjer for permisjonar og oppseiingar i samband med langvarig sjukefråvær, jf. vedtak i administrasjonsutvalet 25.01.06. Desse retningslinjene er også nedfelte i Internkontrollsystemet for Meland kommune, under prosedyre for oppfølging av sjukefråvær (P04 – 19)

### **5.3 Anna stilling.**

Som hovudregel vert det ikkje gitt permisjon ved overgang til ny arbeidsgjevar. Permisjon kan vurderast dersom det gjeld eit vikariat/engasjement der arbeidet har fagleg verdi for vedkommande sitt arbeid i kommunen.

### **5.4 Internasjonalt arbeid.**

Det kan gjevast permisjon utan løn i inntil 3 år til arbeidstakar som skal ta del i internasjonalt arbeid (NORAD, FN, EØS/EU osv). Tilsvarande permisjon kan gjevast til ektefelle/sambuar.


### **5.5 Hjelpkorps**

Tilsette som er knytt til hjelpkorps kan gjevast permisjon med løn i samband med utrykking til redningsaksjonar. Ved deltaking i kurs skipa av hjelpkorps kan det gjevast permisjon med løn i inntil 3 dagar per år.

## **6.0 Iverksetjing**

Dette reglementet erstattar tidlegare permisjonsreglement og vert sett i verk frå

.....**Vedteke i Administrasjonsutvalet sak** .....



MELAND KOMMUNE

## REGLEMENT FOR BRUK AV FLEKSITID

### 1. KONTORTID

Arbeidstid for arbeidstakarar på vanleg dagtid i kommunen er 37,5 t/veke, frå kl. 08:00 – 15:30 heile året, jf. § 3 i Arbeidsreglement for Meland kommune

Ekspedisjonstid på Rådhuset er frå kl. 09:00 – 14:30.  
Sentralen har opningstid frå kl 08:00 – 15:30.

### 2. KJERNETID

Kjernetid, dvs. den tida der alle må vere til stades, er frå kl. 09:00 – 14:30.

### 3. AVREKNINGSPERIODE

Ytre arbeidstid, dvs. det tidsrommet der start- og sluttid kan varierast frå dag til dag, er frå kl. 07:00 – 09:00 og frå kl. 14:30 – 18:00.

### 4. TIDSOVERFØRING

Det er høve til å overføre inntil +37,5/-15 timar frå ein avrekningsperiode til den neste. Minustid over 15 timar vert trekt i løn.  
Det er ikkje høve til å opparbeide plusstimar utover ytre arbeidstid.

### 5. AVSPASERING/FRIDAGAR

Opparbeidde plusstimar kan takast ut som fridagar etter avtale med næraste overordna. Det kan takast ut inntil 12 heile dagar per kalenderår (90 timar/år). Inntil 5 samanhengande dagar kan takast ut når dette ikkje er til hinder for drifta.

### 6. OVERTID

Overtid kan påleggjast av næraste overordna med personal- og budsjettansvar. I desse tilfella vil arbeidstakaren ha krav på overtidsgodtgjersle i samsvar med HTA.

Overtid kan takast ut i fritid, men overtidstillegget kan utbetalast. Arbeidstakaren kan velje om overtidarbeid skal nyttast til oppfylling av arbeidstid i avrekningsperioden.

